

VA-Plan
Detaljregulering for
Lastølen og Drotninghaugstølen – Fjellsætra
rev. 4, 12.01.2021
Sykkylven Kommune



Plan-ID 15282016004

Innleiing

Kommunedelplanen for areala kring Nysæterområdet sine bestemmelsar stiller krav til utarbeiding av felles vass- og avløpsplan for det einskilde hytteområde i samband med detaljregulering, jfr. § 6 i Forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg, Sykkylven kommune og i samsvar med overordna VA-plan for området.

Vass- og avløpsplanen skal vise og gi ein omtale av eksisterande tilhøve for både vassforsyning av avløpshandtering. Den skal sørge for at eksisterande drikkevassbrønnar både innanfor planen og nedstrøms planområdet ikkje vert påverka av nye anlegg.

Reguleringsplanen tek for seg eit stølsområde der det i dag allereie er ein del utbygde hytter, ein del eldre sel/seterbuer i varierende stand og det er planar for renovering og nybygging av eit fåtal hytter. Ikkje alle grunneigarane er deltakarar i planen, og vil derfor i følgje plandokumenta ha begrensa muligheiter til å gjere søknadsplichtige tiltak på sine eigedomar. Det skal likevel planleggast for framtidig tilknytning av alle nye og eksisterande hytter i heile planområdet.

Det har vore arbeid med ein overordna plan for offentleg avløp i Nysæterområdet i fleire år. Det har også vore utarbeidd skisser for vassforsyning til alle hytteområder. Inntil offentlege anlegg er på plass må vatn og avløp handterast lokalt innanfor kvar einskild reguleringsplan.

Det er fokusert på å unngå store unødvendige inngrep ettersom store delar av planområdet er innafor hensynsoner for bevaring av naturmiljø og kulturmiljø. Ein har lagt til rette for å nytte dei allereie etablerte løysingane innanfor planområdet både for vatn og avløp. Samstundes er det planlagt for å kunne samle avløp frå alle nye og eksisterande hytter i utkantane av planområdet. Det vil på sikt gjere at fleire av noverande løysingar med tette tankar og utslepp av gråvatn til terreng også truleg vil bli fjerna.

Eksisterande anlegg

Vassforsyning.

Eksisterande hytter innanfor planområdet som har vassforsyning i dag får vatnet sitt frå sju forskjellige brønnar i og utanfor planområdet. Det er fem grunnvassbrønner og to overflatebrønnar. Det ligg i tillegg to grunnvassbrønnar nedstrøms planområdet på austsida av kommunevegen. Brønnane er vist i vedlagte kart.

Brønn 1 ligg på 30/23 og er ein bora grunnvassbrønn, årstall uvisst. Den er styrt med manuell pumpe og forsyner kun eigedomen den står på. 30/23 har ikkje innlagt vatn pr. i dag.

Brønn 1 forsyner 30/23.

Brønn 2 ligg på stølstykket til 30/2 men utanfor planområdet. Det er ein grunnvassbrønn frå 2007 som det regelmessig blir tatt vassprøver av i forbindelse med næringsmiddelproduksjon.

Brønn 2 forsyner eksisterande bygningar på 30/2 og hytter på 30/5, 30/29 og sel på 29/2.

Brønn 3 ligg på eigedom 30/54, grunnvassbrønn frå august 2018. Oppgitt kapasitet frå borrefirma er 2000 l/t og vil dermed ha tilstrekkeleg kapasitet til fleire nye bygningar.

Brønn 3 forsyner i dag kun 30/54.

Brønn 4 ligg på 29/107 og er ein grunnvassbrønn, ukjent årstal.

Brønn 4 forsyner i dag hytter på 29/106, 29/107, 29/108, 29/71, 29/33 og 29/13. Det er lagt til rette for tilkobling på 29/12 og 29/16 frå denne brønnen.

Brønn 5 er ein gammal overflatebrønn/oppkome som ligg utanfor planområdet og oppstrøms planlagde nybygg.

Brønn 5 forsyner hytter på 29/142 og 29/177.

Brønn 6 er ein gammal overflatebrønn plassert i bekk. Den har vore forsyning til 30/54 og 30/52.

Brønn 6 forsyner 30/52 i dag om den fortsatt er i drift.

Brønn 7 er ein grunnvassbrønn plassert utanfor planområdet.

Brønn 7 forsyner 30/7 innanfor planområdet.

Brønn 9 og 10 ligg nedstrøms planområdet. Begge er grunnvassbrønner som forsyner alle hytter som ligg på sørsida av Nysætervegen nedstrøms planområdet.

Hytte på 29/18 har vatn frå Lastølen hyttegrend som ligg nord for planområdet.

Avløp

Eksisterande hytter som i dag har innlagt vatn har separate tette tankar eller renseanlegg. Om gråvatnet ikkje går til tett tank eller filtergrøfter går dette direkte til terreng.

Det er etablert renseanlegg på 29/18 og 29/177.

Renseanlegg på 29/18 er eit Uponor anlegg nedsatt i 2019 og dimensjonert for 10PE.

Renseanlegget på 29/177 er eit Topas anlegg nedsatt i 2017 og er dimensjonert og klargjort for eksisterande og nybygg på 29/177.

Fleire av bygningane har kun utedo/muldo og ikkje innlagt vatn. Resterande bygg er ikkje i bruk. Dette er i hovudsak gamle sel eller liknande som ikkje er vedlikehaldt og står til nedfalls. Dei har defor verken avløpsløyningar eller vassforsyning.

Planlagte anlegg.

Vassforsyning.

Det er fleire etablerte brønner som forsyner området i dag. Desse har dokumentert kapasitet til også å forsyne nye bygnigar innanfor området. For å unngå å etablere fleire brønner tett på kvarandre som skal ein derfor søke å knyte til alle nye bygningar til allereie eksisterande brønner så langt desse har kapasitet og god vasskvalitet.

Nye vassledningar skal leggest, så langt det er mogeleg, i felles grøft med avløpsledning. Det er teikna vassledningar for å knyte heile området til eventuell framtidig vassforsyning med tilknytningspunkt ved Nysætervegen.

Brønner innanfor planområdet skal sikrast mot utilsikta innrenning av overflatevatn.

Nye hytter kan ikkje koplatt til brønn før det føreligg dokumentasjon på tilfredsstillande vasskvalitet. Dokumentasjonen skal vere basert på vassprøver.

Nye bygg på 30/2 og 30/5 skal søkast forsynt frå brønn 2.

Nye hytter på 30/52, 30/11 og 29/177 skal søkast forsynt frå brønn 3. Det skal vurderast å etablere fordelingskum med stoppekrantar ved brønn og etablere enkeltledningar til kvar enkelt ny hytte.

Nye hytter på 29/16 og 29/108 skal søkast forsynast frå brønn 4.

Avløp.

For heile planområdet gjeld:

Hytter som blir bygd utan innlagt vatn treng ikkje avlaupssystem.

Planområdet er for avløp delt inn i to områder då det ikkje er mogeleg å samle alle utslepp med sjølvfall til eitt punkt pga. terrenget.

Område nord omfattar hytter på Lastølen (gnr 29) og hytter på 30/11, 30/52 og 30/54. Resterande eigedomar 30/2, 30/5, 30/7 og 30/23 blir område sør. Områda er markert i kart.

Kartet viser hovudledningar igjennom planområdet med stikkledningar til alle eksisterande og framtidige hytter. Hovudledingane skal føre avløp til to felles tilknytningspunkt ved Nysætervegen. Desse tilknytningspunkta er i samsvar med kjente skisser for overordna plan.

Det skal ikkje førast overvatn (takvatn/drensvatn) til spillvassrør. Dette skal førast til infiltrasjon i terreng.

Inntil offentleg anlegg er på plass skal det etablerast godkjente minirenseanlegg for alle nye hytter.

Det er regulert inn tre områder som kan nyttast til etablering av felles reinseanlegg, RA1, RA2 og RA3

Eksisterande hytter skal kunne knyte seg til ledningsnett og nye felles reinseanlegg.

Nye reinseanlegg skal stette reinsekraft i lokal forskrift og ha dokumentert reinseffekt også etter periodar med lite bruk.

Felles reinseanlegg kan byggast ut gradvis i modular el.l etter behov om valgt løysing tillet det.

Dokumentasjon på vald system skal følgje søknad om utsleppsløyve.

For området nord gjeld:

Området er etablert med fritidsbustadar som allereie har eksisterande avløpsløyser. Det regulerast for eit lite antal nye fritidsbustadar spreidd innanfor området.

Det kan etablerast einskilde minireinseanlegg for alle nye fritidsbustadar innanfor eigedomen.

Etablerte felles reinseanlegg for klynger av hytter kan nyttast der dette er etablert.

- Avløp frå nytt bygg på 29/177 kan førast til eksisterande Topas minireinseanlegg på eigedomen.
- Avløp frå hytte 29/142 kan førast til eksisterande Uponor minireinseanlegg plassert på regulert område RA1 med utslepp til bekk nord for planområdet.

Det kan setjast ned felles minireinseanlegg for fleire hytter om det er hensiktsmessig og mogleg og gjennomføre.

Det regulerast inn eit område RA2 det det kan etablerast felles reinseanlegg for heile området med tilknytningspunkt til eventuelt offentleg anlegg ved Nysetervegen.

For område sør gjeld:

VA-anlegga kan samordnast med tilstøytande reguleringsplan, planid: 15282015007.

Om det ikkje går skal nye bygningar på 30/2 og 30/5 innanfor reguleringsplanen samlast i felles minireinseanlegg på RA3 med utslepp til bekk sør for planområdet.


Vurdering risiko for ny og eksisterande vassforsyning.

Nye vassforsyningsanlegg nyttar eksisterande borebrønnar og vil dermed vere godt sikra mot forureining når brønnane er sikra mot innrenning av overflatevatn. Brønnane nedstrøms (9 og 10) som også er borebrønnar vil med dei planlagte anlegga ikkje få auka risiko for forureining som følgje av denne planen. Anna eksisterande vassforsyning ligg oppstrøms planområdet og vil ikkje vere råka av utbygging og ny avløpsløyser.

Velledalen, 12.01.21

Per Magne Drotninghaug

Vedlegg: VA-Plan Kartdel



- Brønn
- Renseanlegg
- Tett tank
- Nye Minireinseanlegg
- Tilknytingspunkt
- Ny avløpsledning
- Eks. vassledning
- Ny vassledning